



## Referat frå møte i Samarbeidsutvalet/skulemiljøutvalet 31.05.22

Til stades: Beate Bondevik Lie (politisk vald), Øyvind Oksnes (FAU), Anne Therese Moen(FAU), Ole Sebastian Nesvoll Orrestad(elevrådsrepr.), Jonas Fredheim Aardal(elevrådsrepr.), Sonja Rutledal (lærartilsett), Katrin L. Nes (lærartilsett), Mette Alme (andre tilsette) og Hilde Holte Selland (rektor).

Forfall: Ingvild Midtun Kjos (FAU)

### Sak 17 - 2021/22: Referat frå førre møte

Ingen merknad

### Sak 18 - 2021/22: Tilstandsrapport 2021

- Alle skular og barnehagar skal levere inn tilstandsrapport til kommunen, og den samla rapporten frå oppvekstsjefen blei presentert i kommunestyret 12. mai. Rektor var òg invitert til å halde eit innlegg om spes.ped., tilpassa opplæring og tidleg innsats.
- HBUS sin tilstandsrapport ligg på heimesida til skulen.
- Viktig å ha temamøte i kommunestyret. Interessant for politikarane å høyre om korleis oppvektsektoren planlegg og gjennomfører tidleg innsats, intensiv opplæring, tilpassa opplæring og spesialundervisning. Kommunestyret hadde bedt om ei slik utgreiing.
- I tillegg så har kommunestyret bedt om ei utgreiing når det gjeld lekser og det å vere ein leksebevisst skule. SU oppmodar skulen til å drøfte og reflektere rundt temaet på planleggingsdagen i august.

### Sak 19 – 2021/22: Evaluering av skuleåret 2021-22

- Har vore eit travelt år med stort fråvær blant elevar og tilsette. Veldig glad for at pandemien og koronarestriksjonane er over. I starten av mai hadde me besøk av dei andre partnarane i Steamprosjektet som skulen er ein del av. Veldig kjekt å syne fram skulen vår, flinke elevar som guida gjestene rundt og snakka flytande engelsk med dei.
- Samarbeidet med HVL når det gjeld praksisskule og lærarutdanningsskule har fungert godt. Studentar som har vore i praksis hjå oss har òg meldt seg som ringevikarar, og dei har redda oss med vikarbruk ved sjukdom.
- Skulen v/Kari Merete har laga film som ei helsing til avgangselevane på GLU5. Ein fantastisk flott film som syner korleis elevar og tilsette brukar læringsarenane både inne og ute. Filmen syner det flotte og inkluderande læringsarbeidet som blir gjort i alle klassar. Synte filmen i møtet.

### Sak 20 – 2021/22: Skuleåret 2022-23

- Neste skuleår er under planlegging. Ferdig med tilsetjingar og to kontaktlærarar pr. trinn er på plass. Nokon lunde stabilt elevtal. Kull 2009 vert ein stor klasse med 27 elevar. Ungdomstrinnet får sine klasserom i fellesbygget og dei brukar hauk og due til delingsrom.
- Startar med fellessamlingar igjen.
- Samarbeidet med HVL held frem.

### Sak 21 - 2021/22: Trygg skuleveg

- Tilskot til Trafikktryggingsaktivitetar. Planlegg søknad 1.september 2022. Innspel frå ungdomsskulen som rektor informerte om:
- Korleis oppføra seg i trafikken med el-



sparkesykkel, sykkel, el-sykkel m.m. Kan søkja om: sykkellopplæring. Ein ynskjer også å ramme inn sykkelparkeringane. Tak over dei to sykkelparkeringane ein har i dag. • Korleis oppføre seg på vatnet med båt, redning frå båt m.m. - Ein kan søkja om temadag. Forslag om temadag i samarbeid med redningsselskapet, Røde kors evt. andre aktuelle samarbeidspartnerar.

- Skriv om trafikksikkerhet v/Hafslo bhg. og kunstgrasbana er sendt ut via Visma. Informasjonsskrivet bør òg bli sendt til Luster Taxi.
- Gangvegen Galden-Stolpen skal saneres, difor er ikkje grusen feie vekk og det er store hol fleire plassar.
- Ny gangveg er gjennom Botn bustadfelt. Leiar i FAU har teke kontakt med leiar på teknisk drift med bekymring for skulevegen til barna. Ved utbygging av eit bustadfelt vil det vere stor aktivitet med anleggstrafikk og arbeidsfolk. Fortauet blir brukt som parkeringsplass og det er mykje trafikk på vegen. Teknisk drift skulle ta kontakt med utbyggjar.
- Tilsette ved skulen stiller fylgjande spørsmål: Korleis forheld skulen seg til skulevegen frå byggefelta og til skulen? Skal me sykle på fortauet eller på vegen? Kva skal me lære elevane våre? Forslaget frå SU: når skulen er på sykkeltur med klassar så skal ein sykle på rekke på vegen.

#### Sak 22 – 2021/22: Statusrapport frå elevråd, skule og FAU

- Elevrådet: Forslag om å kjøpe inn nye sager på sløyden( snakk med Kristine). Sløve knivar på mat/helse(Solveig B. har slipa), fagdag med trafikktrygging som opplæring og haldingsskapande arbeid når det gjeld båt, sykkel/el-sykkel/el-sparkesykkel, ynskje om energidrikk på dei dagane ein kan ha med seg brus eller andre goder. Forslag frå SU: Inn på ordensreglementet.
- FAU: Trafikktrygging, skyss- og transportkostnadene til skulesymjing- Beate har drøfta saken med SU-leiar på Indre Hafslo og dei tek det opp i kommunestyret når budsjettprosessen startar i nov./des., dugnad på skulen sine uteområder, årshjul, tilbod om gratis føredrag frå FUG- Øyvind sjekkar, innspel om endring av tradisjon for gåver til kontaktlærarar i 10.klasse: «Forslag om blomehelsing til kontaktlærar/-ar fortset slik som før men pengegåve kan gjevest til felleskassa slik at gåva kjem alle til gode». FAU vedtek å innføra dette forslaget til neste skuleår 22/23. FAU legg dette til påminning på årshjulet.
- Skulen: Avsluttar skuleåret med ulike turar, rydding, overgangssamtalar, flytting av inventar, nedvasking og liknande.

#### Sak 23 – 2021/22: Orienteringssaker

- Ordensreglementet til hausten – energidrikk på tentamen. Ta med anbefalt aldersgrense.
- Ordensreglementet og mobilreglementet er viktig å ta opp regelmessig i klassane i løpet av skuleåret.
- PALS- modellen og «verktøykassa» må friskes opp. Det er mange nye tilsette på skulen og dei treng opplæring.
- Læreverk og digitale ressurser må skulen bestille innan 18. juni.
- Skulen er veldig godt nøgd med reinhaldet og samarbeidet med teknisk drift. Me er heldige og har dyktige samarbeidspartnerar, som hjelper kvarandre til å ivareta arbeidsplassen vår.

#### Sak 24 – 2021/22: Ymse- ingen saker meldt inn



Luster kommune

Hafslo barne og ungdomsskule

